

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 24.05.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Anne Kristin Kleiven/Guro Mjanger  
**SAKA GJELD:** **Statusrapport om innovasjon i Helse Førde**

**ARKIVSAK:** 2023/2527

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
21.09.2023

**STYRESAK:**  
043/2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek statusrapport om innovasjon i Helse Førde til vitende.

## Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram styresak om status på innovasjonsarbeidet i Helse Førde, samt ein utfyllande rapport som vedlegg. Rapporten inneheld status på aktivitet, korleis vi har jobba med å forbetre kvalitetssystemet vårt knytt til innovasjon og litt om korleis vi samhandlar med omgjevnadene våre. Samla sett syner rapporten av HFD jobbar målretta med innovasjon og får stadig større kompetanse og erfaring på området.

## Fakta

I styringsdokumentet for 2023 er eitt av hovudmåla følgande:<sup>1</sup>

*Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik.*

Vidare står det:

*Dei regionale helseføretaka skal leggje til rette for forskning, innovasjon, kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid, eit godt og trygt arbeidsmiljø og kompetanseutvikling hos personell. Dette bidrar til å nå målet om ei berekraftig og robust helse- og omsorgsteneste av høg kvalitet for alle. Helseføretaka skal syte for eit systematisk og målretta arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik til beste for pasientane, og forskning og innovasjon skal understøtte dette arbeidet. Klinisk forskning skal vere ein integrert del av pasientbehandlinga. Utvikling av ny teknologi og meir presis diagnostikk og behandling gjennom innovasjon og næringslivssamarbeid er sentralt for å skape ei berekraftig helseteneste. Helseføretaka skal i denne samanhengen leggje til rette for helsetenesteforskning og nye måtar helsetenester kan leverast på.*

Helse Førde følgjer opp føringane i styringsdokumentet gjennom ei rekkje tiltak og aktivitetar. Det har vore ei gradvis opptrapping av ressursbruken knytt til innovasjon dei seinare åra, noko som viser att i aktivitet og tal prosjekt som kjem opp. I tillegg har vi fått på plass eit støttesystem rundt innovasjonsarbeidet som gjer det enklare for både innovatørane og leiarane deira å navigere. Det er m.a. laga ein [ABC for innovasjon](#) som viser dei ulike stega i ein innovasjonsprosess, kven ein kan kontakte for bistand og kva som må gjerast i dei ulike stega. Dette vil hjelpe idéhavarane til å starte opp prosjekta sine, og få ei forståing av korleis innovasjonsprosessen er.

Helse Førde lyser årleg ut interne innovasjonsmidlar som stimulerer til auka aktivitet. Til søknadsfristen 1. desember kom det inn sju søknadar, og fire fekk tildeling. Tre av prosjekta som fekk tildeling, har vore aktive ei stund og er i implementerings-fase, medan eitt prosjekt er i oppstartsfasen. HFD har også fått midlar gjennom Helse Vest si utlysing for 2023 til tre ulike prosjekt, og gjennom Forskingsrådet sitt program Pilot Helse fekk HFD midlar til eit forprosjekt.

---

<sup>1</sup> [Styresak 01823 Vedlegg 1 Styringsdokument 2023 Helse Førde HF.pdf \(helse-forde.no\)](#)

Dei seinare åra har føretaket fått breiare erfaring med næringslivssamarbeid gjennom ulike prosjekt, og vi ser behovet for å formalisere dette i endå større grad. Helse Førde har difor laga retningslinjer for næringslivssamarbeid, slik at det skal vere enklare for dei tilsette å vite kva spelereglar som gjeld i slik samhandling. I tillegg er det viktig for føretaket å vere transparente og tydelege på korleis vi ønskjer å samhandle med næringslivsaktørar. Retningslinjene er lagt ved den utfyllande rapporten (vedlegg 1 til rapport).

Helse Vest laga i 2022 overordna retningslinjer for helseføretaka knytt til reglement for overføring av rettar til arbeidsresultat frå arbeidstakar til arbeidsgjevar. Dei overordna retningslinjene er også vedtekne i HFD og tilpassa fullmaktsstrukturen i føretaket (vedlegg 2 til rapport). Desse vil bidra til ein meir lik praksis knytt til forvaltning av IPR/arbeidsresultat i heile regionen.

I Helse Førde sin handlingsplan knytt til [FOI-strategien 2020-2025](#) er det laga ulike innovasjonsindikatorar for å kunne ha nokre parameter å måle etter. Tala i parentes er status p.t. Som det kjem fram av tabellen er vi bra i rute i høve dei måla vi har sett. Indikatorane i handlingsplanen skal evaluerast i 2023.

Tabell 1: Innovasjonsindikatorar i handlingsplan for forskning og innovasjon i HFD

Innovasjonsindikatorar	2018	2023	2025
Del av Helse Førde sitt budsjett brukt til innovasjon	0,14%	0,25% (0,21%)	0,3%
Aktive innovasjonsprosjekt	7	15 (22)	20
Innovasjonsprosjekt i kommersialiseringsfase	1	4 (2)	6
Aktive innovasjonsprosjekt i samarbeid med kommunar	2	3 (3)	6
Nye arbeidsplassar utanfor føretaket som følgje av prosjekta starta i føretaket	4	10 (16)	20

### Kommentarar

Nasjonalt vert innovasjonsaktivitet målt gjennom ein såkalla innovasjonsindikator. Målingane er baserte på eit datauttrekk frå alle helseføretaka i landet sine respektive idémottak, der ein får poeng for prosjekta alt etter kva fase i idémottaket dei ligg. Helse Førde sin score er relativt bra, men ein skal tolke tala med varsemd då det truleg framleis er noko ulik praksis i helseføretaka på korleis ein registrerer prosjekta i idémottaket.

		TOTAL	Fase 1	Fase 2	Fase 3	Fase 4	Fase 5	
		POENGSUM	IDEFANGST	IDEMOTTAK	FORPROSJEKT	PILOT	IMPLEMENTERING	DELING
HELSE VEST	ANTALL		123	50	36	15	29	6
	POENG	218	0	0	36	30	116	36
HELSE FØRDE	ANTALL		41	22	11	5	7	1
	POENG	55	0	0	11	10	28	6
HELSE BERGEN	ANTALL		34	22	17	2	14	3
	POENG	95	0	0	17	4	56	18
HELSE FONNA	ANTALL		16	3	4	4	4	2
	POENG	40	0	0	4	8	16	12
HELSE STAVANGER	ANTALL		32	3	4	4	4	0
	POENG	28	0	0	4	8	16	0

Figur 1: Oversikt over poeng på den nasjonale innovasjonsindikatoren i helseføretaka i Helse Vest

Helse Førde har dei seinare åra jobba aktivt med å lage ein innovasjonskultur internt i føretaket. Å lyse ut interne innovasjonsmidlar har vore eit viktig verkemiddel i dette arbeidet, og har stimulert til at fleire prosjekt kjem i gang. Helseinnovasjonskonferansen er også eit viktig bidrag til å bygge innovasjonskultur lokalt. Det er ein breitt samansett komité med både næringsliv, akademia og kommune representert. Dette gir HFD eit viktig nettverk. Også i år var konferansen digital og hadde eit breitt spekter av deltakarar frå heile landet.

Med auka aktivitet er det stadig viktigare med gode strukturar for å forvalte både prosjekt, midlar og avtalar med eksterne samarbeidspartar. Helse Førde har difor jobba mykje med støttesystema rundt innovasjon den seinare tida, og har fått på plass ein del retningslinjer og avtalemalar til vårt eige internkontrollsystem.

## Konklusjon

Administrerande direktør legg med dette fram statusrapport for innovasjonsarbeidet i Helse Førde. Det vert jobba aktivt med innovasjon i helseføretaket, og vi ligg bra an i høve dei måleindikatorane føretaket har sett seg i handlingsplanen for FOI-strategien.

Vedlegg styresak:

1. Utfyllande rapport om innovasjonsarbeidet i Helse Førde

Vedlegg rapport:

1. Retningslinjer for samarbeid med privat næringsliv og ideelle organisasjonar i forskings- og innovasjonsverksemd i Helse Førde
2. Reglement for overføring av rettar til arbeidsresultat frå arbeidstakar til arbeidsgjevar